

Referat soknerådsmøte nr 10/23,

7.11.23 kl. 19.00 – 21.20

Til stades Lisa Eiken, Anne-Marie Telhaug, Audun Meland, Anette H. Sandnæss, Jørund Saaghus, Bernt Rune Sandrib, Magne Rune Eiken, Valbjørg Austbø og Sigbjørn Vik

Innleiing ved Bernt Rune

Kva dører har Gud sett opne for oss her i Eiken?

Samtale Opne dører

- Arrangement det ulike årsklassar er inviterte.
- God link inn til skule og barnehage.
- Ny kyrkjemusikar: Gjennom bruk av piano og gitar under gudstenestene oppnår ein at musikantar og forsamling kjem nærare kvarandre enn når musikken kjem frå galleriet.
- Kyrkja har relasjonar til veldig mange gjennom, dåp, konfirmasjon, gravferd.
- Påskevandring.

Element som kan vidareutviklast

- musikk for ungdom, god musikk som fenger og gjer at folk kjem i godt humør og vert rivne med.
- Utnytta kapasiteten til den nye pianisten.
- Dagsturhytta gir gode moglegheiter for m.a friluftsgudstenester.
- Utvikle samarbeidet mellom kyrkja og NLM, NMS og Nordmisjon i Eiken. Felles årshjul.
- Slipe/vidareutvikle det som me er gode til.

Sak 60/23 Godkjenning av referat og sakslite

Godkjent utan tilføyningar.

Sak 61/23 Orienteringar

Orientering om fylgjande saker

- Lys Våken i Eiken Kyrkje 12.november for 5. klassingar
Det blir mellom ann rappelering frå kyrkjetårnet denne gongen.

- Krybbevandring for barnehagen i adventstida
Bernt Rune ynskjer at heile den store gruppa over 3 år kjem på krybbevandring.
- Litt generell info om konfirmantarbeid
Ein vil veksla mellom å ha felles julekonsert og lysmesse med konfirmantar frå begge kyrkjelydane. Det blir ikkje konfirmanttur til Israel i 2024.

Sak 62/23 Blomsteraksjon første tysdag 5 desember

Vedtak Alle over 80 år som er medlemmer i DNK. Alle som bur på bu- og omsorgssenteret får også ei helsing.

To av Hægebostad konfirmantane deler ut blomar på sjukeheimen. Bernt Rune deler opp resten av Eiken i 5 roder. Konfirmantane tek 3 roder. Anette og Audun tek kvar si rode.

Sak 63/23 Julekonserten («Vi synger jula inn») 17.desember

Gjennomgang av foreløpig program for Julekonserten

Vedtak Kyrkjekontoret arbeidar med ferdigstilling av programmet.

Sak 64/23 Barnekor på julafta

Anne Marie og Nina er i startsgropa for å få på plass ein EIT BARNEKOR.

Vedtak Det blir arbeida vidare med dette med mål om å få det til.

Sak 65/23 Julefesten første fredag i januar – program og servering

Vedtak Det vert ikkje arrangert Julefest i januar 2024 på grunn av manglande oppslutning dei seinare år, og det har ikkje lukkast å få tak i songkreftar på så kort varsel.

Sak 66/23 Gudstenesteprogram for våren med fastsetjing av dato for årsmøte

Vedtak Saka utsett til neste møte.

Sak 67/23 Vedtak offerføremål for våren

Vedtak 21.januar: Eiken kyrkjelyd

4 februar: NMS

Resten av våren blir fastsett på neste møte.

Sak 68/23 Samtale om frivillige medarbeidarar, for eksempel forsongarar

Vedtak Utsett til neste møte.

Sak 69/23 Møteplan for Eiken sokneråd 2024

Vedtak Det blir møte ca. kvar 6. veke kl. 18.30- 21.00

Datoar for våren:

9. januar

23. januar: Lisa har forfall

5. mars

23. april

11. juni: Felles soknerådsmøte med Hægebostad menighetsråd.

Sak 70/23 Økonomi

Soknerådet vart orientert om økonomien.

Vedtak Soknerådet ber om ein vidare orientering når rekneskapen for 2023 føreligg.

Sak 71/23 Eventuelt

Kyrkjekaffi

Det har vore vanskeleg å vit kven som har ansvar for å kjøpe inn saft, papp, kaffi og liknande til kyrkjekaffi.

Vedtak Soknerådet ber om at praksisen med at kyrkjetenar handlar inn nødvendige rekvisita til kyrkjekaffi vert vidareført.

Saker til fellesrådet

Vedtak Soknerådet ber om at aktuelle instruksar for medarbeidar vert gått gjennom og eventuelt revidert og gjort kjent for rådet.

07.11.23

Valbjørg Austbø, sekretær